



Arcoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6400 - 14/20749

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
12.09.2014

Gbnr 116/62 Lauvås. Løyve til deling i samsvar med godkjend reguleringsplan tomt BF-2

Eigedom: Gnr.116 bnr.62 Lauvås.
Adresse for eigned.: Lauvås, 5955 Lindås
Type tiltak: Deling av eigedom i samsvar med godkjend plan
Heimelshavar: Gaard Eiendomsutvikling AS
Søker: Arcoconsult AS

Saka gjeld:

I samsvar med godkjend reguleringsplan for bustadfelt på Lauvås, vert det søkt om løyve til å dele frå dei 9 bustadtomtane som planen gjeld. Delinga av kvar tomt vert handsama for seg, som eiga sak. I denne saka gjeld det tomt BF- 2. Tomta får eit areal på 706,7m2.

I oversynskart som føl søknaden merkt 2014.09.09, er tomtane merkt frå 1 til 10. Tomt 4 finst ikkje på dette kartet, som syner reguleringsplanen.

Til søknad om deling ligg det ved ein tomtedelingsplan. I denne planen er tomtene merkt frå 1 til 9. I saksutgreiing og vedtak er det nummereringa i tomtedelingsplanen det vert synt til.

Planstatus/dispensasjonar:

Deling er i samsvar med gjeldande og godkjend plan. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Tilkomst, vassforsyning, avløp:

Veg, vatten og avløp vert ordna i samsvar med godkjend plan.

Nabovarsling:

Nabovarsel er sendt ut. Ingen merknadar ligg føre.

VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), jf.§26-1, gjev Lindås kommune løyve til å dele frå tomt nr.BF 2 på 706,7m2, slik det er søkt om og synt på tomtedelingsplan teikning nr. A03. Arealet skal nyttast i samsvar reguleringsplanen.



Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

Eigedom må ikkje delast slik at det oppstår forhold som er i strid med lov, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som ikkje kan nyttast til bygging på grunn av storleik eller form.

Deling slik det er søkt om er i samsvar med godkjend reguleringsplan.

Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg gjer at deling ikkje kan finne stad. Slike privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling gjeve av kommunen med heimel i offentlegrettslege føresegner med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl. §21-9.

Gebyr:

Gebyr for deling av alle ni tomtene er skreve ut på sak 14/6400 – 14/20535.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Etter Forvaltningslova sine reglar kan partane klage over avgjerda innan tre veker. Sjå vedlegg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

